



Referat styremøte 29.08.23

Dato: 29.08.23. Tid: 18:00-20:40
Sted: Skaret + Teams

Deltok: Sivert Helland, Turid Sættem Eggen, Tove Hundseth, Bård Andreassen, Randulf Tverfjell, Therese Rødal, Ole Mathias Risvik, Beatrice Bjørkedal, Astrid Nerhus Dale, Reidar Strand,
Fråfall: Christina Bjerknes, Allan Nogva, Svein Dalen
Frå administrasjonen: Monica Malmedal, Kristian Kallmyr Lerheim

Sak 49/08.23 Godkjenne innkalling

Vedtak: Innkalling godkjent. Økonomi vart flytta frå munnlege orienteringar til sak 54/08.23. Etterfølgande saker fekk nytt nummer.

Sak 50/08.23 Godkjenning av referat fra styremøte 20.06.23

Referat fra styremøte 20.06.23 lagt fram til godkjenning av styret.

Vedtak:

Styret godkjenner referatet med endring om at sak 50/06.23 får saksnummer 48/06.23 slik at vidare rekkjefølgje vert kronologisk.

Munnlege orienteringar:

- Aktivitet status regionlag v/ Regionsekretær, friluftsvæileidar og utvalsledarar
- Medlemsutvikling
- Økonomi – sjå eiga sak 54/08.
- Ekstraordinært Representantskapsmøte v/Regionleiar
- Gaupesporing 2022/2023
- Revidering av instruktørordninga i NJFF (sjå og sak 52/08.)

Sak 51/08.23 Styrerepresentant i verneområdestyret Trollheimen

FNF ønsker å trekke ut sin representant frå Verneområdestyret, noko de ikkje kan gjære i dag, da det er politisk vedtatt korleis den partssamansatte styresammensetninga skal være, og den kan tidlegast endrast f.o.m. 2024.

Regionstyret må ta stilling til om vi ønsker å ha ein representant i VO styret på vegne av FNF og eventuelt kven som vil vere ein aktuell kandidat for dette.

Styret var einige i at NJFF MR må arbeide for at FNF fortsett skal være representert i VO for Trollheimen, og at vi fekk komme tilbake til kandidatar frå NJFF på et seinare tidspunkt.

Vedtak:

Så lenge partssamansetninga er som i dag, forslår NJFF MR at FNF fortsett skal være representert i VO for Trollheimen.

Sak 52/08.23 Avvikling RI Fluefiske

RI fluefiske har vært inaktiv i fleire år, og har no informerte om han trekker seg som RI Fluefiske.

Styret må ta stilling til om ny RI Fluefiske skal utnemnast, eller om de skal vente med dette til den nye opplæringsplanen er revidert. NJFF sentralt har utan å involvere regionlaga, vedtatt at NJFF skal ha en instruktørpool, og at alle eksisterande regioninstruktørar vil bli overført til denne. NJFF sentralt vil derfor heretter ha hovudansvaret for å følge opp regioninstruktørane, dette gjelder både resertifisering og «ansettelse» av eventuelle nye regioninstruktørar.



Dette betyr at det ikkje er behov for regionlaget å «ansette» ny RI fluefiske no. Administrasjonen ønsker å informere om at det herskar stor misnøye ute i regionlaga på korleis NJFF sentralt har handtert denne saken (ref. ikkje involvering av regionlaga i slutninga).

Vedtak:

Ettersom sentralledet har overtatt ansvaret med å rekruttere nye RI i alle instruktørkategorier, er det ikkje behov for regionlaget å utnemne ny RI fluefiske.

Sak 53/08.23 Aukande arbeidsmengd for Regionsekretær

Regionsekretærene har yttra at dei har for stor arbeidsmengd til å få gjennomført desse i løpet av «ordinær arbeidstid», jfr. prosessvarselet, samt at dei ikkje får tatt ut den fritida/avspaseringa dei har opparbeidd seg. Ettersom Regionlaget og Sentralledet har delt instruksjonsmyndigheit har vi eit ansvar for å sørge for at vi ikkje tildeler Regionsekretær for mange arbeidsoppgåver samt sørge for at desse vert prioriterte etter gitte føringar i samsvar med stillingsinstruks.

Sentralledet har lagt vekt på at Regionsekretær er ei administrativ stilling og ingen aktivitetsleiar, der dei vil gå aktivt inn for å enten fjerne arbeidsoppgåver eller flytte desse over til sentraladministrasjonen dersom vi ikkje forbetrar situasjonen. Regionsekretær SKAL ha moglegheita til i stor grad å styre sin eigen kvardag i ei særleg fristilt stilling, noko som vert Regionlaget si oppgåve å sørge for dersom dette ikkje er overkommeleg å få til for RS på eiga hand, ved å tydelegare definere prioriteringsområder. Nokre av desse tiltaka kan virke omfattande, men Sentralledet ser på denne situasjonen ved høgste alvor, og det er det ønskeleg at Regionlaget også gjer.

Regionlaget må ta stilling til korleis vi kan redusere arbeidsmengda til Regionsekretær på ein fornuftig måte, enten ved å sette prioriteringsområder, fjerne konkrete oppgåver, flytte oppgåver over til Regionstyret, etc.

Tiltak for å redusere arbeidsmengda til regionsekretær er (om ikkje uttømmande):

Tillitsvalte:

- Meir sjølvdrevne utval, der utvala sjølv arbeider aktivt med årshjulet gjennom heile året, og utan at administrasjonen må etterspørje kva status er ift. aktivitetane. Dvs. å skaffe instruktørar, planlegge aktivitetane ift. tid og stad, samt kartlegge behov for utstyr og mat etc.
- Utvala skal arrangere minst 2 utvalsmøte per år på eigenhand (utover TV samlingar og felles utvalssamlingar). Møta bør settast opp i god tid slik at alle utvalsmedlemmene kan delta. Utvalsleiarane kallar inn til møta sjølv, og inviterer administrasjonen eller andre styremedlemmer til å delta om behov og ønskeleg.
- Bistand og draghjelp frå utval- og styremedlemmer til marknadsføring av våre aktivitetar og arrangement (sosiale medier, email, lokalaviser, «munn til munn» metoden osv.)
- Bistand og draghjelp frå utvala til å lage rapporter med bilder frå gjennomførte aktivitetar, som utvala sjølv kan poste i sosiale medier og i portalen. Viktig å vise korleis det er å være med på en aktivitet, samt eventuelle resultat (fått fisk, skutt dyr, plukket sopp etc.)
- Regioninstruktørane tar sjølv ansvar for å finne dato og kalle inn lokallag instruktørane til oppdatering/resertifisering samling når det er behov for dette.
- Organisasjonsinstruktørane bistår administrasjonen med å følge opp at lokalforeiningar som ennå ikkje har vedtatt de nye vedtektene, får gjort dette innan 31.12.23.
- Alle utval og instruktørar evaluerer eigen innsats, og kjem forbetringstiltak for kommande år.

Regionsekretær:

- Regionsekretær opplyser lokalforeiningane om kontortid, Normal arbeidstid er kl 08:00 -15:30, og legger ut denne informasjonen på heimesidene våre. Unntaksvis vil e-post og telefon svarast utanom ordinær arbeidstid.
- Regionsekretær kartlegg kveldsarbeid og innhald av desse.
- Regionsekretær prioriterer administrative oppgåver og deltek berre på arrangement der Regionsekretær er invitert som representant for Regionlaget.



- Regionsekretær og Regionleiar sørger for betre kommunikasjon med faste telefonsamtalar/Teamsmøter for kontinuerleg kartlegging av arbeidssituasjonen.

Vedtak:

- Styret vil ha workshop med alle utvala på første utvalssamling om forventningar og krav til utvalsarbeidet og aktivitetar. Ref. tiltak nemnt ovanfor.
- Presiseringa rundt arbeids(tid) til regionsekretær vart tilslutta.

Sak 54/08.23 Økonomistatus per 31.07.2023.

Regnskap med balanse, inkludert prosjekregnskap og tilskotsoversikt per 31.07. vart framlagt. Per dato viser regnskapet et underskot på kkr 730. Etter gjennomgang av enkelte konti, tilsegn som er gitt men ikkje utbetalt/bokført og forventa aktivitet i siste tertial, kan ein forventa at resultatet for heile året kjem ut med eit underskot omkring kkr 100 – 150.

Styret diskuterte tiltak for å betre resultatet og konkluderte med følgjande.

Vedtak:

Innsparing av kostnader relatert til drift. Tiltak for å holde kostnadene nede;

- ingen julegåver til tilsette og tillitsvalte
- ingen fredagssamling på tillitsvalsamling
- styremøter på teams
- ikkje deltaking på eksterne arrangement som krev kostnader mv.

Tiltak gjelder i første omgang ut 2023

Sak 55/08.23 Droneprosjektet «FindBambi»

Styret fekk på forrige styremøte en grundig innføring i prosjektet gjennom munnleg orientering og regnskapsgjennomgang, men det vart ikkje fatta formelt vedtak.

Droneprosjektet er allereie godt i gang og dei første rådyrkjea har vorte flytta vekk frå innmark. Kort fortalt så er dette eit samarbeidsprosjekt mellom NJFF Møre og Romsdal og Norges Bondelag Møre og Romsdal. Det er ingen tvil i at dette er eit positivt tiltak både med tanke på dyrevelferd og førkvalitet for bonden, men ettersom vi er medeigarar i eit prosjekt som har ein prislapp på 1,2Mkr så ser Regionleiar det som eit problem at vi ikkje har eit einaste vedtak i Regionlaget som omhandlar prosjektet. Regionleiar har sjølv trudd vi hadde eit vagt vedtak med ordlyden «Administrasjonen sjekkar ut om prosjektet er gjennomførbart med tanke på finansiering og støttemidlar», men i følge tidlegare referat har vi berre hatt munnlege orienteringar om temaet.

Informasjonsflyten rundt prosjektet har stridt litt imot god organisasjonskultur, der informasjon rundt status på prosjektet, samt det faktum at vi har oppretta ei nettside, har vorte publisert på sosiale medier før Regionlaget har vorte informert om stoda. Som medeigar av eit så omfattande prosjekt er det viktig at Regionlaget til kvar ei tid er oppdaterte i tillegg til at det vert satt føringar for prosjektet der det er naudsynt.

Kva er oppgåvene til administrasjonen i prosjektet? Samsvarar det med forventningane til Regionlaget? Korleis er den økonomiske situasjonen, kva utgjør den høge prosjektkostnaden? Vil dette skape ein positiv økonomisk situasjon i Regionlaget? Kven har ansvaret for nettsida? Kor mange frivillige har vi til no?

Regionleiar ønsker å påpeike at han har inga negativ innstilling til formålet med prosjektet, men han har eit ansvar ovanfor Regionlaget med å passe på at ting går korrekt for seg. Regionlaget må gjerne komme med spørsmål for å føle seg informert, og ta stilling til korleis vi kan få prosjektet vedtektsfesta.

Vedtak:

Regionlaget fullfører prosjektet «FindBambi» så langt det let seg gjere økonomisk og tar på seg vidare det administrative ansvaret slik vi har i dag. Medlemmar i Regionlaget samt Administrasjonen står fritt til å delta i felt som frivillige på lik linje med andre deltakarar.

Prosjektet må ha egen konto i kontoplana, dette gjelder for både tilskot og kostnader.

Styret må ved utløp av prosjektperioden vurdere korleis prosjektet skal vidareførast.



56/08.23 Lokalforeninger som ikke har vedtatt nye vedtekter

Landsmøtet 2021 vedtok at alle lokalforeningar skal ha einsarta vedtekter og vedtektsnorm, og siste frist for lokalforeningane til å vedta de nye vedtektene er 31.12.2023.

Forbundsstyret har nå vedtatt at «Foreninger som ikkje har nye vedtekter på plass innen utgangen av 2023 kan ikke stå tilsluttet forbundet i 2024. Forbundsstyret vil starte en eksklusjonsprosess overnfor aktuelle foreninger rett etter årsskiftet 23/24 og levere en innstilling ,ed påfølgende endelig vedtak i representantskapet».

Så langt har organisasjonsinstruktør Hans Martin Dypvik og regionsekretær arbeidet med lokalforeningane, og vi har komet langt. Målet er å få så mange som mogleg av våre foreningar til å slutte seg til landsmøtets vedtak og NJFF's vedtekter.

Status i vedtektsarbeidet i M og R per d.d. er som følger;

Gjemnes JFF	Foreningen har fått tilsendt ferdig forslag til vedtekter til godkjenning 22.06
Tingvoll JSPFL	Foreningen har fått tilsendt ferdig forslag til vedtekter til godkjenning 22.06
Vestnes JFF	Foreningen har fått tilsendt ferdig forslag til vedtekter til godkjenning 22.06
Måndalen JFF	Foreningen har ikke hatt styre- eller årsmøte på mange år. Finner ingen årsmøteprotokoller, regnskap eller andre rapporter fra 2015 og frem til i dag. Følges opp med ytterligere telefonsamtaler, eventuelt diskutere på styremøte 29.august om skal avvikles, da foreningen ikke har fulgt vedtektene?
Ålesund og Sunnmøre JFF	6 medlemmer. Ingen aktivitet, og ingen velvilje til å vedta nye vedtekter. Finner ingen årsmøteprotokoller, regnskap eller andre rapporter fra 2015 og frem til i dag. Følges opp med ytterligere telefonsamtaler, eventuelt diskutere på styremøte 29.august om skal avvikles, da foreningen ikke har fulgt vedtektene?

Styret diskuterte vidare oppfølging og konkluderte med ein snarleg kontakt med dei aktuelle for sjekk av status.

Vedtak:

Organisasjonsinstruktørane og regionsekretær fordeler oppfølging av foreningane seg i mellom.

Ole Martin følger opp Gjemnes, Bård tar Tingvoll, Hans Martin tar Vestnes og Monica følger opp Måndalen og Ålesund & Sunnmøre. Det må gjerast så snart som mogleg med tanke på å få gjennomført ekstraordinært årsmøte innan årsskiftet. Helst i lokalforeningas eigen regi. Alternativt må regionslaget innkalle medlemmane til ekstraordinært årsmøte.

57/08.23 Eventuelt:

1. Tillitsvalsamlinga i november.

Her må styret ta ei beslutning på om vi skal arrangere TV samling eller ikkje, kvar, og eventuelt i kva form (ref. økonomi). Denne saka får eit eige saksnummer og utfyllande informasjon til styremøtet.

Vedtak:

Tillitsvalsamlinga gjennomførast 11.-12.11. som planlagt. Sivert, Turid, Bård og Monica får fullmakt til å bestemme stad utifrå vurdering av pris mm.

2. Marknadsføring av tiltak/aktivitetar

Utsatt til neste møte.

Referent:

Bård A